



Arbeidsmetoden med Gjestebod vert prøvd i Uskedalen. F.v: Alf Hjørnevåg, Eli Roseth Eik, Oddbjørn Kroka, Hans Reidar Kjærland og Ann Irene Sæle. Vert var Kristian Bringedal.

Ein ny metode for så skapa interesse og medverknad i arbeidet med ny kommuneplan vert prøvd ut i desse dagar. Tre gjestebod er gjennomført i Uskedalen, mellom dei eit familiegjestebod. Eit anna gjestebod med 2 kvinner og 4 menn i alderen 50 til 80 år var lagt til Beinavikjo. Svara gruppa kom fram til på konkrete oppgåver er sendt plangruppa i kommunen. Tilsaman er det lagt opp til om lag 50 gjestebod i Kvinnherad kommune.

Ideen om Gjestebod er henta frå Svelvik kommune. Der vart metoden brukt i samband med arbeidet med samfunnsdelen i kommuneplanen. Erfaringane frå Svelvik var svært gode og Kvinnherad ynskjer å prøva same modellen.

I Uskedalen er det utpeika tre vertar. Vertane inviterer sjølve inn til gjestebod, maks 8 personar på kvar gruppe. Gruppa samlar seg om å gje innspel på mål og strategiar for å utvikla Kvinnherad til å vera ein meir grøn, frisk, aldersvenleg og attraktiv kommune. Alle innspel er like viktige.

Oppgåva gjesteboda fekk, var:

- Kva gjer Kvinnherad til ein attraktiv plass å bu og leva i ?
- Korleis kan Kvinnherad blir ein aldersvenleg plass å bu ?
- Sjølvvald tema, som til dømes næringsutvikling, folkehelse, einsemd , fattigdom, Kvinnherad som besøksmål osv.

Gruppa i Beinavikjo valde Klima som sjølvvald tema.

Ein føresetnad for all bygdeutvikling er auke i folketalet, arbeidsplassar, bustad og all infrastruktur som må vera på plass for ei sunn og god samfunnsutvikling.

I tillegg til medverknad ved gjestebod, vert det truleg alt i neste veke invitert inn til eit ope møte i regi av Uskedal Utvikling om Kommuneplanen og Kvinnherad 2050.

Dag og tid for møte kjem Uskedalen.no attende til.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal